
RAPPORT

Planinitiativ for detaljreguleringsplan, Produksjonsanlegg for hydrogen

OPPDRAGSGIVER

Hyfuel AS

EMNE

Planinitiativ

DATO / REVISJON: 20. November 2024 / 01

DOKUMENTKODE: 10260745-01-PLAN-NOT-01



Multiconsult

Dette dokumentet har blitt utarbeidet av Multiconsult på vegne av Multiconsult Norge AS eller selskapets klient. Klientens rettigheter til dokumentet er gitt for den aktuelle oppdragsavtalen eller ved anmodning. Tredjeparter har ingen rettigheter til bruk av dokumentet (eller deler av det) uten skriftlig forhåndsgodkjenning fra Multiconsult. Enhver bruk av dokumentet (eller deler av det) til andre føremål, på andre måter eller av andre personer eller enheter enn de som er godkjent skriftlig av Multiconsult, er forbudt, og Multiconsult påtar seg intet ansvar for slikt bruk. Deler av dokumentet kan være beskyttet av immaterielle rettigheter og/eller eiendomsrettigheter. Kopiering, distribusjon, endring, behandling eller annen bruk av dokumentet er ikke tillatt uten skriftlig forhåndssamtykke fra Multiconsult eller annen innehaver av slike rettigheter.

NOTAT

OPPDRAG	Detaljreguleringsplan for produksjonsanlegg for hydrogen	DOKUMENTKODE	10260745-01-PLAN-NOT-01
EMNE	Planinitiativ	TILGJENGELIGHET	Open
OPPDRAGSGIVER	Hyfuel AS	OPPDRAGSLEDER	Solveig Renslo
KONTAKTPERSON	Odd Peter Ørjasæter	UTARBEIDET AV	ASV/SR
		ANSVARLIG ENHET	10233052 Akva og plan Vest Stord

01	20.11.2024	Planinitiativ	ASV/SR	LML	SR
REV.	DATO	BESKRIVELSE	UTARBEIDET AV	KONTROLLERT AV	GODKJENT AV

INNHOLDSFORTEGNELSE

1	Ansvarlege	5
2	Informasjon om planinitiativet	5
2.1	Føremålet med planen (Jf. § 1 andre ledd bokstav a).....	5
2.2	Planområdet og omgjevnadane (Jf. § 1 andre ledd bokstav b).....	5
2.2.1	Lokalisering og førebels planavgrensning	5
2.2.2	Skildring av eksisterende arealbruk	6
2.2.3	Skildring av nærområdet.....	7
2.3	Plansituasjon og føringar (Jf. § 1 andre ledd bokstav g)	9
2.3.1	Forholdet til overordna plan og statlige retningslinjer	9
2.3.2	Forholdet til kommuneplan	9
2.3.3	Forholdet til reguleringsplanar	10
2.3.4	Forholdet til pågåande planarbeid.....	10
2.3.5	Naudsynte løyve etter anna lovverk	11
2.4	Presentasjon av prosjektet/planidèen (Jf. § 1 andre ledd bokstav c, d og e).....	11
2.4.1	Utforming.....	12
2.4.2	Vatn og avlaup. Straum.....	14
2.4.3	Trafikk	14
2.4.4	Industrielle symbioser.....	14
2.5	Verknader av planendringa (Jf. § 1 andre ledd bokstav f)	14
2.5.1	Særskilt om hydrogengass	15
2.6	Samfunnstryggleik og risiko (Jf. § 1 andre ledd bokstav i)	16
2.7	Konsekvensvurdering (Jf. § 1 andre ledd bokstav l).....	16
2.8	Planprosessen, samarbeid og medverknad (Jf. § 1 andre ledd bokstav h, j og k).....	17
2.8.1	Planlagde utgreiingar og omtaler.....	17
2.8.2	Medverknad.....	17

Planinitiativ

1 Ansvarlege

Fagkyndig	Firma	Multiconsult Norge AS
	Kontaktperson	Solveig Renslo
	E-post	Solveig.Renslo@multiconsult.no
	Telefon	901 67 167

Forslagstiller	Firma	Hyfuel AS
	Kontaktperson	Odd Peter Ørjasæter
	E-post	odd.peter.orjaseter@hyds.no
	Telefon	481 35 351

Heimelshavar	Firma	Fjord Base AS
	Kontaktperson	Stig Førde
	E-post	Stig.forde@fjordbase.no
	Telefon	90910176

Saksbehandlar	Kontaktperson	Janicke Svendal
	E-post	Janicke.Svendal@kinn.kommune.no
	Telefon	95430302

2 Informasjon om planinitiativet

2.1 Føremålet med planen (Jf. § 1 andre ledd bokstav a)


Føremålet med planen er å legge til rette for etablering av eit hydrogenanlegg for produksjon av hydrogen.

Gjeldande områdeplan må endrast fordi planen ikkje i tilstrekkeleg grad er avklart for dette tiltaket.

2.2 Planområdet og omgjevnadane (Jf. § 1 andre ledd bokstav b)

2.2.1 Lokalisering og førebels planavgrensning

Planområdet ligg nord for Florø by, på nordsida av Florevika, og er del av eit større industriområde. Planområdet ligg lengst vest på Fjord base sitt område, heil ut mot fjorden. Fjord Base området består av 9 kaiar og 1 060 da areal kor det er tilrettelagt for etablering av industri.



Figur 2-1 Flyfoto av tomte si plassering (gul ring) på Fjord Base. Kjelde: Kommune kart.no

Det vert varsla eit stort planområde for å sikre nok areal til omsynssonene knytt til brann- og eksplosjonsfare. Det førebels planområde er ca. 200 daa. Endeleg plangrense vert fastsett seinare i planprosessen.

Eiegedomar innafor førebels plangrense er (gnr/bnr) :

27/3, 27/38, 27/46, 27/53, 27/58, 27/1249 og 27/1288.




Figur 2-2 Foreløpig varslingsgrense.

2.2.2 Skildring av eksisterende arealbruk

Tomta som tiltakshavar disponerer er 18 daa, den er planert og ikkje i bruk til anna formål, se **Error! Reference source not found.** under. Området vest for planområdet blir disponert av Havlandet havbruk, medan området i aust er i bruk til lagring av røyr.

Tilkomst er via privat veg inne på baseområdet, frå nordsida av tomta. Tilkomst til baseområdet er fra RV 5.



Figur 2-3 Vegnett, tilkomst til baseområdet via RV 5. Tomta er merket med rød strek. Kjelde: Vegdatabasen

Arealformålet industri vert vidareført, med tillegg av ei maks omsynssone på 150 meter knytt til hydrogenanlegget. Det er tenkt at allereie regulerte veger kan nyttast slik dei er etablert.

2.2.3 Skildring av nærområdet


Tomta ligg i eit delvis etablert industriområde. Innafor omsynssonen i nord er det sjø, tilkomstveg og industriareal, i sør og vest er det holmar med naturleg vegetasjon og sjø.

Naturmangfald


Ca. 100 m sør for tomta er det registrert to naturtypar av *stor* og *svært stor* verdi, sjå Figur 2-5. Den eine naturtypen er på Lyngholmen, kystlynghei av *svært stor* verdi. Den andre naturtypen er Naturbeitemark av *stor* verdi og ligg på øya Sankt Helena. Begge naturtypane ligg innanfor varsla planområde.

Det går fram av Artskart at det i 2024 er registrert fleire raudlista planteartar innanfor planområdet. På Lyngholmen er det registrert den nær truga arten Heistorr, medan på Sankt Helena er det også registrert fleire artar av særleg stor forvaltningsinteresse, som Geitsvingel, Grusstarr og Strandkjeks.

Det kommer fram av konsekvensutgreiing av gjeldande områdeplan at raudlista fugleartar som Storspove, Storskarv, Lomvi og Tjeld er registret i området.




Figur 2-4 Registreringar av trugar artar (gul) og artar med særleg stor forvaltningsinteresse (oransje). Kjelde: Fylkesatlas.



Figur 2-5: Naturtyper KU-verdi. Stiplet strek er førebels planområde. Kjelde: miljodirektoratet.no

Naturfare

Området kan vere utsatt for stormflo, jfr. utsnitt frå NVE atlas under. Det er også registrert aktsemdsområde for radon på øya St. Helena like sør for planområdet.



Figur 2-6: 200 års stormflo som registret i NVE atlas. Stiplet strek er førebels planområde. Kjelde: NVE

Friluftsliv

I gjeldande områdeplan er friluftsliv konsekvensutgreidd. Det står det følgjande:

«Men med nærleiken til Florø by har øyene ein høg verdi som rekreasjonsområde. Sørsida er for tett på sentrum til at det er attraktivt å fiske, medan nordsida og småsunda aust for Rota til ein viss grad blir brukt til fiske. Sjøområda kring holmar og skjær er eit eldorado for padling, med store grunne områder og smale passasjer i aust. Området har blitt brukt i aukande grad dei siste 15 åra i takt med den stigande interessa for padling. Rota og øyene som ligg nærmast Florø sentrum, vert ikkje direkte berørt og kan framleis brukast til friluftsliv. Attraktiviteten for desse øyane kan verte noko redusert grunna støyande aktivitet frå industrien på Gaddholmen. Samstundes kan kontrasten mellom det uberørte og det berørte vere ein ekstra opplevingskvalitet.»

Planinitiativ

Det er vurdert i samband med utarbeiding av områdeplanen at sjøområda rundt Lyngholmen og St. Helena har høg verdi som rekreasjonsområdet, sjøområda er i gjeldande plan regulert til friluftsområde.

Anna

Området er ein del av landskapsregionen Kinn/Florø som er gitt verdien B, regionalt nivå (landskapsamangar). *Botnafjorden* og *St. Helena* er gitt verdien C, lokalt nivå (landskapsområde). Kjelde, Fylkesatlas.no.

Florevika er registrert som eit regionalt viktig gyteområde for torsk.

Det er elles ingen registreringar av kulturminne, landbruk, forureining eller støy.

2.3 Plansituasjon og føringar (Jf. § 1 andre ledd bokstav g)

2.3.1 Overordna plan og statlege retningslinjer

Meld. ST.13 (20-21)

Meldinga presenterer strategien til regjeringa for oppfyljing av klima forpliktinga for 2030. Regjeringa arbeider for å oppfylle Parisforpliktinga saman med EU. I statusmeldinga står det at Regjeringa vil utarbeida ein nasjonal plan for infrastruktur for alternative drivstoff for transportsektoren. Planen skal mellom anna få følgjer for ladeinfrastruktur for el- og fyllestasjonar for hydrogen og biogass som samsvarer med måltala om nullutsleppskøyretøy fram mot 2030, og dessutan klimavennleg drivstoff innanfor innanriks sjøfart.

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033

Vestland fylkeskommune framhevar hydrogenproduksjon som ein av verdikjedene i Noreg med særskilt potensial for grøn omstilling og nye eksportverdiar.

2.3.2 Kommuneplan

Aktuelt område for hydrogenanlegg ligg innanfor industriområdet mellom Gaddholmen og Perholmen i «Kommuneplanens arealdel 2017-2027» PlanID 140120140001 (vedtatt 21.03.2017).



Figur 2-7 Utsnitt av gjeldande kommuneplan med markert aktuelt område for hydrogenanlegg (gul stiplet linje).
Kjelde: Kommunekart.com

2.3.3 Reguleringsplanar



Figur 2-8 Gjeldande områdeplan «Områderegulering for Floreland nord, næring» PlanID 140120110106, førebels planområde vist med gul stipla linje).

I gjeldande områdeplan «Områderegulering for Floreland nord, næring» PlanID 140120110106 (vedtatt 28.01.2014) er området regulert for industri, vegetasjonsskjerm, friluftsområde, køyreveg, gang-/sykkelveg, anna veggrunn - grøntareal og naturområde - grønnstruktur. Vegen er knytt til rekkefølgekrev for framtidig utbygging av Rota er ei øy som ligg like vest for planområdet.

Område er ein del av industriformålet I1, tillate tomteutnytting er fastsett i prosent bebygd areal, BYA=60%. Maks byggehøgde er kote +15. Planeringskote +3 meter.



Figur 2-9 Utsnitt av gjeldande områdeplan der sjøve tomte er vist med (svart tjukk strek). Kjelde: Fjord Base AS

2.3.4 Forholdet til pågåande planarbeid

Kinn kommune arbeider for tida med ein ny kommuneplan for 2023-2033. Kommuneplanens arealdel (planid 4602_20200002) har vore ute på offentlig ettersyn frå 07.07.2023 til 03.11.2023. Førebels planområde er avsett til industri. Delar av planområdet ligg innanfor faresone for flaum og omsynssone for bevaring av naturmiljø.



Figur 2-10: Kommuneplan under arbeid. Øya Rota ligger rett til venstre for varslingsgrense vist med gul stiptet strek. Kjelde: kommunekart.com

Kommunen informerer om at det er påbegynt reguleringsplanarbeid på Rota, jfr. Figur 2-10: Kommuneplan under arbeid. Øya Rota ligger rett til venstre for varslingsgrense vist med gul stiptet strek. Kjelde: kommunekart.com. Dei planlegg ein anna tilkomst dit enn den som er forutsett i områdeplanen. Dersom det vert ein realitet, kan vegen sør på tomta kan takast ut av planen, sjå Figur 2-9 over. Det vart i 2022 gitt ein dispensasjon frå arealføremålet offentleg veg for omdisponering til industriføremål (sak 22/620-4/HEDY). Det må avklarast med kommunen korleis planarbeidet skal forholde seg til det.

Andre påbegynte planar i området er «Privat detaljregulering for Tenneskjeret, gbnr 27/1249, næring», der det skal leggest til rette for bunkringsstasjon for ammoniakk aust på Perholmen.

2.3.5 Naudsynte løyve etter anna lovverk

Brann- og eksplosjonsvernlova med Storulykkeforskrifta har som føremål å forebygge og redusere konsekvensane av storulykker i verksemder der farlege kjemikaliar førekome. Søknad til DSB skal vere godkjent før evt. etablering av eit slikt anlegg innanfor området.

Forureiningslova skal verna det ytre miljøet mot forureining og redusera eksisterande forureining, og dessutan redusera mengd av avfall og fremja betre avfallshandtering. Det er naudsynt med utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta.

2.4 Presentasjon av prosjektet/planidéen (Jf. § 1 andre ledd bokstav c, d og e)

Føremålet med planen er å legge til rette for etablering av eit 20 MW hydrogenanlegg på Fjord Base.

Tiltaket skal bidra til å avkarbonisere den maritime sektoren. Hydrogenet skal produserast med straum og vatn, og skal leverast til skip som går heilt eller delvis på komprimert hydrogen.

Tiltakshavar har fått støtte gjennom Enovas støtteprogram «hydrogenproduksjon til maritim transport 2027» og området vil bli ein del av Noregs infrastruktur for hydrogenbunkring.

I framtida vil det vere aktuelt å utvide anlegget slik at det også kan dekke produksjon av flytande hydrogen eller andre hydrogenderivat.

Planlagt operasjonsstart er 2027, jfr. krav som fastsatt i Enova program.

2.4.1 Utforming

Bilde under viser eit tilsvarande hydrogenanlegg på 1MW. Anlegget er lokalisert i Egersund, og vart opna i februar 2024.



Figur 2-11 Kaupanes hydrogenanlegg. Kjelde: HYDS

Første byggetrinn vert maks 7000 m², eit eventuelt byggetrinn to vert omtrent like stort, maks 10 000 m². Utnyttinga av tomte vert relativt låg, anslår ein BYA lågare enn 30%. Maks byggehøgde vert + kote 15. Utforming av anlegget vil ta omsyn til at det skal legge til rette for mogleg oppskalering framtida slik at HyFuel kan følgje eit marknad i vekst. Ei framtidig utviding med flytande gjørringsanlegg er også ein del av planforslaget, og plan for første trinn vert utforma med tanke på ei eventuell utviding. Sjå bilete under som skisserer planlagt anlegg, samt området i grønt som er sett av til evt. framtidig utviding (om lag 6000-7000 m²).



Figur 2-12 Skisse av planlagt anlegg, samt område i grønt som er sett av til framtidig utviding. Kjelde: HYDS

Planforslaget skal leggja til rette for produksjonsanlegg, fyllestasjonar på anlegget og lager for hydrogenkonteinrar. Konteinrarane vert fylt og mellomlagra på utskipingsområdet. Hyfuel planlegg å bruke kai E for containerswap, sjå Figur 2-13 under. Produksjonskapasiteten til anlegget er 8 640 kg h2/døgn. Det kan fyllest tre 40 konteinrarar kvar 6. time.



Figur 2-13 Oversiktskisse som viser tomteopsjon Hyful og kai for utskipping. Kjelde: Hyfuel.

2.4.2 Vatn og avlaup. Straum

Det må avklarast at eksisterande vatn- og avlaupsanlegg knytt til eksisterande bygg har tilstrekkeleg kapasitet. Både tilknytning til vassforsyning og utsleppspunkt av vatn vurderast og skildrastast i det vidare planarbeidet.

Hydrogenanlegget vert forsynt med straum via det lokale straumnett. Nettreservasjon for kraftbehovet er bekrefta av nettselskapet Linja hausten 2024 basert på modenheitsvurdering av prosjektet.

2.4.3 Trafikk

Anlegget skapar lite trafikk. B basert på produksjonskapasitet er det venteleg 15 bilar per dag inne på basens område. Vegtilkomst er planlagt frå eksisterande veg nord for planområdet.

2.4.4 Industrielle symbioser

Hyfuel AS er i tett dialog med Havlandet havbruk for å distribuere overskotsvarme dersom dette blir teknologisk plausibelt i framtida. I tillegg til utnytting av varmen vert det også jobba med mulighet for å utnytte oksygenet frå prosessen. Per idag er det ingen kjente aktørar som tek vare på oksygenet frå elektrolyseprosessen.

2.5 Verknader av planendringa (Jf. § 1 andre ledd bokstav f)

Tiltaket er i samsvar med stortingets Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samanheng.

Det aktuelle område er allereie planert og tilrettelagt for industrietablering. Landskapet er flatt og anlegget vil vere synleg frå omgjevnadane, men vert ikkje særleg ruvande (sjå bilde i Figur 2-11) med maks byggehøgde kote +15 meter.

Sjølve tiltaket vil skape noko støy. Basert på erfaring frå liknande anlegg i drift og bruk av denne typen produksjonsutstyr vil støy generert frå anlegget ligge godt innanfor anbefalte grenseverdier for industristøy i T-1442. Hydrogenproduksjonen vil foregå ved elektrolyse og vil ikkje ha andre utslepp enn reint oksygen og varme. Det vert nytta reint vatn og elektrisitet. Når hydrogenet vert nytta som energibærer vil det einaste utsleppet vere reint vatn. Anlegget vil vanlegvis vere ubemanna, men tidvis besøkt for å hente lagringskonteinrar, samt service, kontroll og liknande.

Tiltaket kan påverka anna utbygging då sikkerheitskrav vil setja avgrensingar på kva som kan etablerast i nærleiken av anlegget. Ei omsynssone for eit slikt anlegg vil vera inndelt i tre soner/tryggingssavstandar. Innanfor kvar sone er det restriksjonar for kva som kan byggast.

I **ytre sone**: er det ikkje tillate å oppføra skule, barnehage, sjukeheimar, sjukehus og liknande, hotell, kjøpesenter og store publikumsarenaer.

I **midtre sone**: er det i tillegg til restriksjonane i ytre sone ikkje tillate å oppføra bustader, tiltak for bruk for den allmenne befolkninga, under dette butikkar, mindre overnattingsstader og offentleg ferdsel.

I **indre sone**: er det i tillegg til restriksjonane i ytre og midtre sone ikkje tillaten å oppføra faste arbeidsplassar innan industri- og kontorverksemd, offentleg veg, jernbane, kai og liknande.

Det er gjort tidlegfasevurdering for hydrogenanlegget som syner ei utstrekning på mellom 10 til 20 meter for indre sone. Det tilstrebast å halde Indre omsynssone innanfor tomtegrensa (jfr. Figur 2-9) slik at utbygginga i minst mogleg grad skal påverke øvrige industtiltak. Tiltak for å påverke omfang av indre sone kan vere med plassering av bygg og andre fysiske barrierar.

2.5.1 Særskilt om hydrogengass


Ordet hydrogen blir òg brukt som kortform for hydrogengass.

Hydrogen er ein fargelaus, luktfri og ikkje-giftig gass. Hydrogen har mykje lågare tettheit enn luft (1/14), og vil stige oppover og fortynnast til ufarlege konsentrasjonar ved utslipp i det fri. Konsekvensen av ein lekkasje kjem an på omfanget av lekkasjen. Farar vil primært vere knytt til lekkasje med evt. påfølgande brann/eksplosjon. Lekkasje kan skje frå tankar, røyrleidningar og utstyr i samband med produksjon, lagring og fylling av konteinrar.

Ein eksplosjon kan ikkje oppstå i ein tank eller eit kva som helst innestengt stad som inneheld berre hydrogen, då det krev oksygen for å vere antenneleg. Blandinga av hydrogen og oksygen må òg vere riktig for at det skal vere fare for eksplosjon.

Ved tenning av ein hydrogenlekkasje utanfor eksplosjonsområdet, vil ein få ein hydrogenbrann. På grunn av fråværet av karbon og nærvær av varmeabsorbent vassdamp som vert skapt når hydrogen brenn, har ein hydrogenbrann betydeleg mindre strålingsvarme samanlikna med til dømes ein hydrokarbonbrann. På grunn av den låge strålingsvarmen vert risikoen for sekundærbrannar liten. Hydrogenbrann er raskare ferdig enn ein bensinbrann.

Det vert planlagd tiltak for å forhindre eller avgrense lekkasjar. Fysiske barrierar som brann- og eksplosjonsveggar vil redusere konsekvensen av ein eksplosjon. Anlegget er delt inn i ulike segment som vert stengt av ved lekkasjar og uønskte hendingar. Dette gjer at ein får full kontroll på volum av H₂ innanfor dei ulike segmenta. Ulike barrierar vil bidra til å halde storleiken på omsynssoner nede.



Figur 2-14 Omsynssonar rundt et anlegg med inntegning av sikkerhetsavstander/risikokonturer som avgrensar sonene.

2.6 Samfunnstryggleik og risiko (Jf. § 1 andre ledd bokstav i)

Det skal utførast ein risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse) for planen. Den vil ta utgangspunkt i DSB sin rettleiar om *Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging*.

Det skal også gjennomførast kvantitative risikoanalysar (QRA) for å definere omsynssoner.

ROS-analysen skal vurdere om planlagde tiltak vil medføre endra risiko for menneske, miljø og/eller materielle verdiar. ROS-analysen skal utførast så tidleg at resultatane kan avdekke evt. risiko og brukas til å justere planen dersom behov. Aktuelle tiltak for å forebygge og handtere uønskete hendingar skal skildrast.

Sentrale tema for ROS-analyse i dette prosjektet vert vurdert å vera:

- Havnivåstigning og bølgepåverknad
- Vind/ ekstremnedbør (overvatn)
- Jordskjelv
- Brann/ eksplosjon industrianlegg
- Kjemikalieutslepp og anna akutt forureining
- Transport av farleg gods
- Framkomst for utrykkingskjøretøy
- Slokkevatn for brannvesenet
- Tilsikta handlingar
- Skipstrafikk
- Hydrogentransport

2.7 Konsekvensvurdering (Jf. § 1 andre ledd bokstav l)

Tiltaket fell inn under § 6 planer og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding.

Planen legg til rette for tiltak i Vedlegg I, pkt. 6b) i Forskrift om konsekvensutredning. *Integrerte kjemiske installasjonar, dvs. anlegg for fremstilling i industriell målestokk av stoffer ved hjelp av kjemiske omdanningsprosesser, der flere enheter ligger ved siden av kvarandre og funksjonelt sett høyrer saman, og som er beregnet på:*

a) Fremstilling av uorganiske basiskjemikalier.

Eit hydrogenanlegg er å betrakta som eit anlegg som framkallar uorganiske basiskjemikalier.

Forskriftas § 17 første ledd siste punktum seier: Konsekvensutgreiinga sitt innhald og omfang skal tilpassast den aktuelle planen og vere relevant for dei beslutningar som skal takast. Det aktuelle området er regulert for mellom anna industri, og er allereie tilrettelagt/opparbeidd. I samband med reguleringsendringa vert det derfor fokusert utelukkande på dei forholda kor eit hydrogenanlegg skil seg ut frå «vanleg» industri. Dette gjeld i all hovudsak forhold knytt til risiko, sårbarheit og samfunnssikkerheit.

I og med at tiltaket medfører fare for brann og eksplosjon frå eit hydrogenanlegg, må fareområder vurderast og avklarast i reguleringsplanen. Temaet «beredskap og ulykkesrisiko» vil vere aktuelt tema i ny konsekvensutredning.

Planinitiativ

Naturmangfold er eit aktuelt tema fordi det er registrert raudlista arter innafor førebels planområde.

Friluftsliv er eit aktuelt tema fordi sjøområdet er regulert til friluftsområde.

Område ligg innafor fare for stormflo. Flaumfare er eit aktuelt tema for utgreiinga.

2.8 Planprosessen, samarbeid og medverknad (Jf. § 1 andre ledd bokstav h, j og k)

Det ble gjort positivt vedtak til oppstart av planarbeid i planmøte 3. oktober 2024. I etterkant er det avdekt at tiltaket vil løysa ut krav om planprogram og konsekvensutgreiing. Det vert derfor sendt inn eit revidert Planinitiativ saman med forslag til planprogram. Planprogrammet blir lagt ut på høyring samtidig som det blir varsla oppstart av planarbeid

2.8.1 Planlagde utgreiingar og omtaler

Det er ingen registreringar knytt til kulturminne, landbruk og friluftsliv i offentlege databasar. Området er som nemnt både regulert for næring/industri og er opparbeidd i samsvar med dette. Det vert derfor ikkje laga eigne konsekvensutgreiingar av desse tema, men det blir gjort ei vurdering av verknader i planskildringa.

I gjeldande områdeplan er det stilt høge estetiske krav til utforming av fasadar for bygningar i I1-I2 som ikkje har direkte kaitilknytning. Det vil verte gjort ei vurdering av temaet i planskildringa.

Trafikkmengd og type trafikk vert omtala i planskildringa.

Det vert uarbeidd ein eigen VA-rammeplan.

2.8.2 Medverknad

Det er planlagt å gjennomføre ein standard planprosess. Berørte partar, interessentar og offentlege instansar får moglegheit til å kome med opplysningar og merknadar til oppstartsvarselet og planprogrammet, samt når planforslag blir lagt ut til offentleg ettersyn. Behov for møte med moglege berørte partar vil bli vurdert når det vert varsla oppstart av planarbeidet.

Vedlegg

Vedlegg 1: Førebels plangrense